



SETESDAL REGIONRÅD ÅRSMELDING 2009

Til deg som har interesse av å vite kva vi gjer,
og er oppteken av å vere med å utvikle dalen

Gjestfri for nye tankar!

09



INNHALD

1	Styreleiaren har ordet	s 3
2	Årsmelding	s 4
3	Organisering – samarbeidsstrukturar	s 7
4	Aktuelle tema og saker anno 2009	s 11
5	Differensiert arbeidsgjevaravgift	s 21
6	Til næringslivet	s 26
7	Balanserekneskap	s 30
8	Driftsrekneskap	s 32
9	Revisjonsberetning	s 33
10	Andre løyvingar	s 35
11	Kontorarbeid og kapasitet	s 37
12	Framtidsutsikter – prioriterte aktivitetar	s 37



1

STYRELEIAREN HAR ORDET

Det skal vere godt å bu, gjeste og drive næringsverksemd i Setesdal! Det er visjonen vår. I 2009 har vi teke nye og viktige steg i den retninga!

Regionrådet har si rolle som fellesorgan for kommunane, der det er tenleg å sjå på fellesløysingar og der det er meir gagnleg enn at vi prøver å løyse oppgåvene kvar for oss. I fellesskapet ligg og større tyngde og kraft til å setje dagsorden for aktuelle tema i samfunnsdebatten – og fokusere på heilskap og regionperspektiv i Agderbiletet.

Det er krevjande å sikre balansert vekst og dynamisk utvikling i distrikta – og internt i heile regionen. Det gjeld folketalsutvikling og busetting, næringsutvikling, og kvalitet i dei offentlege tenestene vi ønskjer å gje alle som bur i eller gjestar dalen.

I 2009 har vi arbeitt med temaet helse. Vi tør påstå at vi er heilt i framkant når gjeld å sjå kva som er mogleg og å gripe dei høva som finst til samhandling – og i samhandlingsreform i småkommunesamanheng. I arbeidet har vi og fått verdfullt samarbeid, viktige støttespelarar og samhandling i praksis med Sørlandet sjukehus, Universitet i Agder, KS, og dei andre regionssamarbeida. Ikkje minst har desse prosjekta gjort potensialet og viljen som ligg i lokale fagmiljø tydeleg når det gjeld å vere på høgda og ta del i utviklingsarbeid. Det ligg mykje yrkesglede og uttrykk for medvit om fokus på gode tenester til brukar og pasient i desse prosessane.

Eit anna viktig tema i 2009 var reiselivsprosjektet «Visit Setesdal». Fundamentet for å lykkast med Setesdal som reisemål framover vart utvikla i 2009. Struktur, oppgåver og grensegang mellom deltakarar og roller vart avklåra. Eg konstaterer med stor glede at det både er vilje i næringa og i reiselivsorganisasjonane til å handle og kome med nye idear i fellesskapet Setesdal i 2010.

Vi opplever og at dette alt no har gjeve oss fleire sjansar til å ta ei viktig rolle og vere ein tydelegare aktør i landsdelssamarbeidet. Vi får og god støtte frå mellom anna fagmiljøa i Innovasjon Norge.

Den årlege Setesdalskonferansen – der sentrale folk i næringslivet samlast – stadfester at det er mykje kraft og sterkt fokus på både lønsemd og utviklingsarbeid. For reiselivet viser ein fram føremonar som er baserte på eigenart og lokale kvalitetar. «Alle» bransjar og verksemdar treng betre infrastruktur generelt og veg spesielt for verte meir attraktive og tilgjengelege. Riksveg 9 er og vil vere høgt på agendaen vår også i 2010. Vi vil og halde fram med å trekkje fram bransjar og felles prosjekt og slik sikre rekruttering, arbeidskraft og kompetanse.

Som styreleiar i regionsamarbeidet og som ordførar i kommunen med regionsenteret er det og naturleg å oppfordre alle – både kvar einiskild som person og alle med eit samfunnsoppdrag om å medverke til at heile Agder vert teke i bruk. Eigenart og lokale fortrinn i Setesdal må utviklast som potensiale for vekst og aktivum for heile Agder. Det må leggjast til rette for lokalisering av nye arbeidsplassar, og det må vere mogleg å få bu spreidd i distrikta. Ikkje minst ønskjer vi at lokale ressursar ikkje berre vert tekne vare på, men og vert eit aktivum for utvikling. I det ligg ei særleg oppmoding til fylkeskommunen og fylkesmannen om å syte for at det skjer. Den gode samhandlinga og velviljen er avgjerande for at vi skal lykkast i fellesskapet – og i eit lengre perspektiv!

Bjørn Ropstad

STYRELEIAR

2

ÅRSMELDING

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2009.

ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Regionrådet er sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune. Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Verksemda har tre strategiske satsingsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd – vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskaper for 2009. Rekneskaper er førd i Valle kommune og revidert av Setesdal revisjonsdistrikt IKS. Styret meiner at årsrekneskaper gjer eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskaper for 2009. Driftsrekneskaper syner eit bokført underskot på kr. 96.150,77. Kapitalrekneskaper syner eit underskot på kr. 727,-. Styret tilrår inndekking gjennom disposisjonsfond for både postane. Prosjekt og tiltak med finansiering frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift vert førde med separate prosjektrekneskaper slik at dei ikkje verkar inn i driftsrekneskaper til regionrådet.

SAKSOMFANG

I 2009 hadde styret 119 saker til handsaming. Det vart lagt fram 248 referatsaker. Talet på delegerte saker var 39.

Frå venstre: Eli Tomine Moe, Olav Mandt, Kay A. Jeiskelid, Knut A. Austad og Nils G. Østerhus.



HANDLINGSPLANEN FOR 2009

Ved inngangen til året var dette dei prioriterte gjeremåla:

1. Riksveg 9
2. Regionanalyse, regionplan Setesdal – handlingsprogram
3. Utgreiing, strategisk næringsplan – styringsverktøy og verkemiddel med ordningar for framtida
4. Visit Setesdal, organisering av reiselivet i Setesdal i lys av visit Sørlandet
5. Eigarstyring, slutføring av handbok – rutineutvikling IKS og eigarkommunane
6. Kompetanseheving, utgreiing – strateginotat til politisk drøfting
7. Profilering og omdømebygging, Setesdal – folketalutvikling og attraktivitet som bu- og arbeidsregion
8. Interkommunalt samarbeid, utgreiing av aktuelle tema, prosess og metode for framtidige samarbeid
9. Helse, regionplan Setesdal

Måloppnåing

Styret vurderer at ein har arbeidd i samsvar med prioriterte gjeremål i 2009.

Pkt. 1 *Arbeidet med rv.9 har fokusert på kontinuitet og førearbeid med få til ei ny pakke for rest av utbygging og prioritering av rekkjefølgje. Ein har og fått etablert eit tenleg forum for vidare arbeid med riksveg 9 med fylkeskommunen, stamvegaksjonen og vegvesenet. Det er og sett av pengar til å utarbeide planreservar.*

Pkt. 2 *Fullført med støtte frå Aust-Agder fylkeskommune, og gjennom oppdrag til Agderforskning.*

Pkt. 3 *Gjennomført på overordna nivå som ein del av utviklingsplanarbeidet. Utdjuping og avklåringar i høve til bruk av verkemiddel står att.*

Pkt. 4 *er gjennomført.*

Pkt. 5 *er gjennomført.*

Pkt. 6 *Førearbeid og drøftingsmøte med UiA er gjennomført. Prosjektplan til styrehandsaming 20. mai 2010.*

Pkt. 7 *Årleg temaavis til alle husstandar i Agder. Støtte til ulike arrangement og tiltak.*

Pkt. 8 *Er del av utviklingsplanen. Konkret oppfølging gjennom prioritering av tema i handlingsplan 2010.*

Pkt. 9 *Forstudie gjennomført i 2009, etablert 5 temaprojekt ved oppstart 2010.*

FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2010 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane.

ARBEIDSMILJØ – YTRE MILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2009. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.



I styremøte 20. mai 2010 vart årsmeldinga handsama, styresak 39/10, og rekneskapen vart godkjend i sak 38/10.

Representantskapet tok årsmeldinga til etterretning med justeringar føreteke i i møte 16. juni 2010, sak 4/10. Representantskapet godkjende rekneskapen i same møte, sak 5/10.

Kay A. Jeiskelid

ORDFØRAR BYKLE KOMMUNE

Olav Mandt

VARAORDFØRAR BYKLE KOMMUNE

Bjørgulv Sverdrup Lund

ORDFØRAR VALLE KOMMUNE

Olav K. Hovet

FORMANNSKAPSMEDLEM

Knut A. Austad

ORDFØRAR BYGLAND KOMMUNE

Eli Tomine Moe

VARAORDFØRAR BYGLAND KOMMUNE

Bjørn A. Ropstad

ORDFØRAR EVJE OG HORNNES KOMMUNE

Nils G. Østerhus

VARAORDFØRAR EVJE OG HORNNES KOMMUNE

OBSERVATØRAR

Laila Øygarden

FYLKESORDFØRAR

Arild Eielsen

FYLKESRÅDMANN

Tallak Hoslemo

RÅDMANN BYKLE KOMMUNE

Arne Tronsen

RÅDMANN VALLE KOMMUNE

Andreas Vebostad

RÅDMANN BYGLAND KOMMUNE

Jens Arild Johannessen

RÅDMANN EVJE OG HORNNES KOMMUNE

Signe Sollien Haugå

DAGLEG LEIAR

Ingunn Kile

RÅDGJEVAR / MEDARBEIDAR

Frå venstre: Bjørn A. Ropstad, Bjørgulv Sverdrup Lund og Olav K. Hovet.



3

ORGANISERING – SAMARBEIDSSTRUKTURAR

REPRESENTANTSKAP

Formannskapet i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for regionrådet. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

- Ordførar Knut A. Austad er vald til leiar i representantskapet for 2008/2009.
- Ordførar Bjørgulv Sverdrup Lund er vald til nestleiar i same perioden.

For perioden 2010/2011 er Bjørgulv S. Lund leiar og Olav Mandt nestleiar.

STYRE

Representantskapet har valt styret med funksjonstid 2008 til 2011:

- Ordførar Kay A. Jeiskelid er vald til styreleiar for 2008/2009.
- Ordførar Bjørn A. Ropstad er vald til nestleiar for same perioden.

For perioden 2010/2011 er Bjørn A. Ropstad leiar og Knut A. Austad nestleiar.

ETTER VALET 2008 ER DESSE STYRE:

Bykle kommune:

Ordførar Kay A. Jeiskelid

Varaordførar Anne Ellen Senum /

*Olav Mandt frå 01.08.2009

Valle kommune:

Ordførar Bjørgulv Sverdrup Lund

Formannskapsmedlem Olav K. Hovet

Bygland kommune:

Ordførar Knut A. Austad

Varaordførar Eli Tomine Moe

Evje og Hornnes kommune:

Ordførar Bjørn A. Ropstad

Varaordførar Nils G. Østerhus

OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT:

Aust-Agder fylkeskommune:

Fylkesordførar Laila Øygarden med

vara fylkesvaraordførar Oddvar Skaiaa

Fylkesrådmann Arild Eielsen

Rådmennene i dei samarbeidande kommunane:

Tallak Hoslemo – Bykle

Arne Tronsen / Elise Marie Kringen (fung./kst) – Valle

Andreas Vebostad – Trine Pettersen Grønbech

frå 01.06.2009 – Bygland

Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes

Dagleg leiar, Setesdal regionråd:

Signe Sollien Haugå

Møtesekretær:

Ingunn Kile

REPRESENTANTSKAP I IKS

Styret i regionrådet utgjer representantskap i dei interkommunale selskapa i Setesdal*:

- Setesdal brannvesen IKS
- Setesdal miljø og gjenvinning IKS
- Setesdalsmuseet IKS /
Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Setesdal revisjonsdistrikt IKS

*Bygland kommune har oppnemnt andre representantar til nokre av selskapa. Iveland er og medeigar og har tilsvarande representasjon.

RÅDMANNSGRUPPA

Rådmennene har uformelle samtalar om aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker.

Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem den kommunen, t.d. oppfølging av IKS-saker. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til krevjande saksfelt.

Ikkje minst er samarbeidet ressurseffektivt ved at ein fordeler saker og førebur drøftingar internt ut frå den særlege kompetansen den einskilde har innanfor ulike fagområde.

BEDRIFTSGRUPPA

Bedriftsgruppa saman med styret i Setesdal regionråd utgjer eit partnerskap som har disponert kompensasjonsordninga for differensiert arbeids-gjevaravgift. Bedriftsgruppa var samansett av dei daglege leiarane av dei 5 største verksemdene i dalen.

Bedriftsgruppa har desse representantane:

- Rune Skibsrud – Skibsplast, *leiar*
- Ole P. Bruun – tidlegare Hovden Høgfjellshotell
- Terje Greibesland – Setesdal Bilruter
- Steinar Nomeland – Nomeland Anlegg
- Per Birkeland – Byglandsfjord sag

Regionrådet har hatt praktisk prosjektoppfølgning med prosjektansvar og gjennomføring. Kompensasjonsordninga galdt for perioden 2006-2009. I 2009 var hovudoppgåva å få slutført og rapportert prosjekt innanfor rapporteringsfristen 31.12.2009.

AD-HOC – PROSJEKTGRUPPER OG SAMARBEID

- «KU-gjengen / Naturligvis»
- «Gama i garden»
- Setesdalskonferansen – programkomite
- Visit Setesdal
- Helse – prosjektgruppe og referansegruppe
- Worskhop – ny Setesdalsnode

INTERIMSGRUPPE – SAMARBEID UIA OG SETESDALREGIONEN

Eli Skaranger, UiA, Birgit Attestog, Setesdal vidaregåande skule, Connie Barthold og Signe Sollien Haugå har fungert som administrativ gruppe for utvekslingar og kontinuitet i dialogen mellom dei som er med.

ADMINISTRASJON – TILSETTE OG FASTE ENGASJEMENT

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling. Prosjektleiar Ingunn Kile er tilsett i 3-årig prosjekt frå og med oktober 2008. Ho har for tida redusert stilling til 80 %.

Vertskommunen yter mykje god hjelp gjennom tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbordtenester, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester. Setesdal revisjonsdistrikt IKS er revisor for regionrådet.



REPRESENTASJON, OPPNEMNINGAR, UTSENDINGAR O.A.:

- Agderrådet: Kay A Jeiskelid
- Bedre stamvei på Sørlandet: Kay A. Jeiskelid
- Evje utvikling, observatør til styret: Signe Sollien Haugå
- Samarbeid UiA, kontaktperson: Signe Sollien Haugå
- Kommunesamarbeidet mellom 14 kommunar i indre Agder (K14): Kay Jeiskelid i styringsgruppa og Signe Sollien Haugå, sekretær
- Vassdragsstyret for Nedre Otra, observatør til styret: Knut A. Austad
- Forvaltingsplan for Otra / vassdirektivet: ordførarane er representantar til arbeidsutvalet
- NAV Setesdal: rådmennene er styringsgruppe og representantar i partnerskapsstyret
- Overordna strategisk samarbeidsutval (OSS): Jens A. Johannessen
- OSS, arbeidsutval: konsulent Wenche Tangene
- Regionplan Agder: administrative representantar til 5 temagrupper frå kommunane i Setesdal
- Krypsivprosjektet: Bjørgulv Sverdrup Lund, 1. vara Knut A. Austad, 2. vara Kay A Jeiskelid
- Konesjonskraftfondet for Aust-Agder: Tallak Hoslemo
- KOFA, innkjøpsfellesskapet i Agder: Tallak Hoslemo
- Folkemusikkprosjektet, styringsgruppa: Ingunn Kile
- Haukeliseterfestivalen, styret: Kay A. Jeiskelid
- IKS- valkomite, valperioden: rådmennene
- Strategisk kulturminneplan, Aust-Agder fylkeskommune rep. arbeidsgruppe: Signe Sollien Haugå

Frå venstre: Jens Arild Johannessen, Trine Pettersen Grønbech, Elise Marie Kringen, Tallak Hoslemo.



*Kulturlandskap og byggeskikk er viktige delar
av særpreget i Setesdal.*



4

AKTUELLE SAKER ANNO 2009

REISELIV

Visit Setesdal

Reiselivet i Setesdal vart i 2006 vurdert til å utgjere eit konsum tilsvarande 468 MNOK og direkte eller indirekte 780 arbeidsplassar (TØI). Dette er svært viktig for ein region med knapt 7000 innbyggjarar.

Reiselivet i Setesdal omfattar mange ulike aktørar, frivillige samarbeid og offentlege ressursar. Uklåre roller, ansvar og forventingar internt i regionen førde til at det vart starta ein prosess for å kome fram til ei tenleg organisering og finne strategisk viktige område å arbeide vidare med. Arbeidet fekk nemninga Visit Setesdal. Prosjektet følgde og med på tilsvarande «grensegangsarbeid» på landsdelsnivå gjennom Visit Sørlandet.

Prosjektet Visit Setesdal vart gjennomført av Aril Juul i Horvat og Horvat på oppdrag frå regionrådet. Frode Buen for Valle og Rysstad reisetrafikklag, Bård Gjertsen for Hovden ferie, Ole Morten Vegusdal for Nedre Setesdal reiselivslag og dagleg leiar i regionrådet utgjorde prosjektgruppe saman med Gunnar Knudsen og Eirik Mykland for Aust-Agder fylkeskommune / Sørlandsutvalet / Visit Sørlandet. Rådmennene var styringsgruppe for prosjektet.

Styret i regionrådet definerte oppdraget og sa seg samd i hovudkonklusjonane. Samla og koordinert satsing vil venteleg gjere regionen meir attraktiv. Flike folk som systematisk samlar inn statistikk og relevant informasjon for reiselivet er med på å sikre målretta marknadskommunikasjon og rette, strategiske vegval framover.

Prosjektet kom med tilrådingar og tiltak som:

- Oppretting av stilling som regional reiselivskoordinator
- Utvikling av marknadsstrategi for regionen
- Setje i verk aktivitetar og tiltak i tråd med marknadsstrategi
- Etablere base for systematisk innhenting av statistikk og formidling av relevant marknadsinformasjon til reiselivsverksemdene
- Drift og vidareutvikling av Setesdal.com, web
- Talerøyr og representasjon overfor Visit Sørlandet og eksterne samarbeidsaktørar
- Etablere område for samhandling og reiselivsfagleg forum

Prosjektet vart presentert for styre og representantskap i juni. Rapporten var ute på høyring og kommunane slutta seg til framlegga. Styret forankra stillinga med tilsetjing i regionrådet, som ei 5-årig prosjektstilling med kontorstad samlokalisert med fagmiljø på Hovden. Etter vedtak vart stillinga lyst ut hausten 2009, og tilsetjing vart gjort i desember.

Visit Sørlandet

Dagleg leiar har delteke i drøftingsmøte med prosjektleiar for interimsstyret og leiarane av dei andre regionsamarbeida i Agder for å drøfte organisering, eigarskap og premisser for etableringa av selskapet. Rådmannsgruppa og styret i regionrådet slutta seg til prinsippskisse og fordelingsnøkkel før kommunane vart spurde.

Uttalen frå styret til rapporten frå Sørlandsutvalet var positiv når det galdt hovudliner og prinsipp. Styret føresette at Setesdal også i framtida skal ha ein sentral posisjon som merkenamn og til geografisk områdemarknadsføring – og 9 andre konkrete punkt som føringar frå regionen vår.

HELSE

Helsedialog – overordna strategisk samarbeidsutval (OSS)

Samarbeidsutvalet vart oppretta hausten 2006 for å vidareutvikle den overordna samarbeidsavtalen mellom dei 30 kommunane i Agder / KS og Sørlandet sjukehus SF. Prosjektet skal leggje til rette for tenleg og formalisert samarbeid mellom kommunane og sjukehuset. Det gjeld utvikling av utskrivingsrutinar og meir strategisk utvikling av samarbeid innanfor tema som kompetanse, kapasitet og samarbeid mellom partane. Utvalet arbeider med prinsipielle tilhøve som økonomi, fagleg administrative grensesnitt og samhandling til beste for pasient og brukar. Utvalet har oppretta fleire arbeidsgrupper for utdjuvingar av tema. I 2009 har OSS hatt 7 møte og 1 seminar.

I juni 2009 kom St.meld. nr. 47 (2008-2009) «Samhandlingsreformen, Rett behandling – på rett sted – til rett tid». I 2009 har utvalet fokusert på kva reforma kan få å seie for pasientar i Agder. Kommunane i Setesdal har i 2009 gjort avtale om felles retningslinjer for utskriving av pasientar som treng kommunale pleie-, omsorgs- og rehabiliteringstenester frå Sørlandet sjukehus. Setesdal var i 2009 representert ved Jens Arild Johannessen, rådmann i Evje og Hornnes, og med konsulent Wenche Tangene i arbeidsutval og sekretariat for OSS.

Regional helseplan – forstudie, potensial i samhandling?

Styret i Setesdal regionråd har prioritert at regionen skal vere aktiv og tydeleg i nybrotsarbeidet med helsereforma sidan dette representerer eit viktig område for velferda til innbyggjarane. Det er og eit tungt område innanfor tenestytinga i kommunane. Fokuset vart styrkt av samhandlingsreforma som kom i 2009.

I regionrådsregi har ein gjennomført to store seminar. Det første fokuserte på utfordringar for kommunehelsetenesta i møte med spesialisthelsetenestene. Samspel, god pasientutvikling, ressursar og impulsar for å få til gode løysingar lokalt vart drøfta. Oppfølgjaren i 2009 var samhandlingsreforma som er ei nasjonal utfordring. Der ser ein føre seg at mykje meir av helse- og

omsorgsutfordringane skal løysast gjennom førebygging, betre koordinering og helst på lokalt nivå. I Setesdal veit ein at endra folketalstruktur, sjukdomsbilete og økonomiske utsikter tilseier at ein må vere tidleg ute med å utvikle robuste løysingar. Ut frå storleiken på kommunane må ein sjå over kommunegrensene, og – når det gjeld nokre tema – også utover eigen region.

Hausten 2009 vart det gjennomført ein forstudie for å undersøkje kva ein eventuelt kunne tene på samarbeid mellom kommunane. Arbeidet tok også føre seg aktuelle tema for tverrfagleg arbeid framover, sikring av kompetanse, gode tenestetilbod til brukarane, og kva for rammer som trengst for å delta aktivt i utviklings- og samhandlingsprosessar. Demografi, krav til elektronisk samarbeid frå 2013, teknologiutvikling og telemedisin opnar for meir avstandsuaavhengig tenesteyting til lokale pasientar og brukarar. Dette vil også gje spennande høve for spesialiserte distriktstilbod.

Forstudien vart gjennomført med Wenche Tangene som prosjektleiar, rådmennene som styringsgruppe og dagleg leiar som prosjektansvarleg. Prosjektgruppa var desse:

- Stein Vabo, kommuneoverlege Bykle
- Maureen Johnsen, avd.leiar PLO i Valle
- Kjersti Plathe, psyk.medarbeidar Bygland
- Bjørn Harald Hagen, avd.leiar Evje og Hornnes

I tillegg var det ei særskild referansegruppe som hjelpte til i arbeidet med Vidar Johnsen frå Bykle, Øyvind Jacob og Kari Thorbjørnsen frå Valle, Wenche T. Sjurset frå Bygland og Hallstein Homdrum frå Evje og Hornnes.

Forstudien som vart lagd fram i november 2009 tilrådde at ein skulle arbeide vidare med fokus på:

- Folkehelse og førebyggjande arbeid
- Tverrfaglege og ambulerande team
- Forsking og utvikling (FOU) innan dokumentasjon i pleie- og omsorgstenestene
- Rehabilitering gjennom prosjektet til SSHF
- IKT i kommunehelse og pleie- og omsorg

Styret slutta seg til desse tilrådingane. Ved inngangen til 2010 vart det sett av pengar til oppstart av konkrete delprosjekt og vedteke å søkje ekstern delfinansiering.

« Liv til årene». Birger Rosseland og Eli Mogstad.



INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Handbok i eigarstyring IKS



I Setesdal har ein vore tidleg ute med å etablere interkommunale verksemdar som:

- Setesdal brannvesen IKS
- Setesdal miljø og gjenvinning IKS
- Setesdal revisjonsdistrikt IKS
- Setesdalsmuseet IKS
- Setesdalsmuseet eigedom IKS

Kommunane hadde eit ønske om å vere meir aktive eigarar og såg behov for å formalisere ei felles plattform for dette og på same tid styre dialogen mellom kommunane og verksemdene.

Prosjektmedarbeidarstillinga er oppretta for å styrkje eigardialogen, som sekretariat. Arbeidet med handboka vart gjennomført av Ingunn Kile supplert av Agnete Rieber-Mohn.

Utkast til handbok vart presentert for representantskapet i juni 2009. Dokumentet var på ei todelt høyring. Det gjekk til IKS-verksemdene, for så å verte justert og revidert av rådmannsutval og styre før avsluttande høyring og tilslutning i kommunestyra hausten 2009. I desember 2009 vart det orientert i representantskapet om at alle kommunane hadde slutta seg til handboka.

Handboka stadfester og vidarefører mykje av etablert praksis på mange område – samstundes som ein strukturerer samhandlinga framover gjennom innføring av årshjul. Deflator vart fastsett som utgangspunkt for budsjettarbeid. Det vert også lagt opp til harmonisering mellom IKS-vedtekter framover og det skal verte meir føreseieleg økonomi og budsjettsituasjon for både IKS og eigarar gjennom at det vert lagt opp til 2- og 4-årsperspektiv i budsjettarbeida. Ikkje minst har ein prøvt å avklare styringsliner, grensesnitt og roller mellom IKS, i høve til eigarorgan, politiske og administrative liner, og dialog med kommunane og omverda.

Samordna prinsipp og prising av tenestekjøp – kommunar og samarbeidstiltak / IKS

Rådmannsgruppa la fram utkast til fastsetjing av prisar på ytingar mellom kommunar og samarbeidstiltak. Tiltaket sikrar likskap og at ein får fleksibilitet i høve til utveksling av kapasitet og ressursar. Prisnivået skal vere likt slik at det ikkje er eit element for eller mot lokalisering av samarbeid mellom kommunane og er fastsett som «forsiktig sjølvkost». Notatet vart handsama i styret i regionrådet før det vart godkjent i respektive representantskap i desember 2009.

Evaluering av IKS

Styret imøtekom ikkje førespurnad om initiativ til evaluering av IKS då dette kom opp (sak 32/09), men ønskte å avvente dette på grunn av arbeidet med eigarhandbok og rutineutvikling.

Felles kommuneoverlege

Helseforstudien peika og tidleg på at det var aktuelt og ønskjeleg å få felles kommuneoverlege. Som del av skjønsmiddeltildelinga (298¹) låg og føring for utgreiing av mogleg felles kommuneoverlege. Evje og Hornnes og Bykle gjorde vedtak i samsvar med intensjonane, medan Valle og Bygland fekk endra føresetnader og prioriteringar som førde til at tiltaket ikkje vart gjennomført.

Felles barnevernsteneste Setesdal

Styret konstaterte tidleg på året, (sak 08/09) at prosjektet stranda. Rådmennene i kommunane Bykle, Valle og Bygland vart oppmoda om å drøfte vidare eit trekommunesamarbeid.

YMSE ANNA INTERKOMMUNAL SAMORDNING

Svineinfluensapandemi – beredskap

Rådmennene hadde felles førebuing av beredskapsplanlegging, smittevern og vaksinasjonsopplegg og anna.

Finansreglement

Arbeid med sikte på felles finansreglement vart starta i 2009.

IKT-plan

Prosjektet som starta i 2008 omfatta i 2009 studietur til Danmark og SWOT-analyse. Det vart også lagt mykje arbeid i få avklåra Ivelands framtidige forankring og tidspunkt for utfasing av system og data til anna plattform.

STRATEGISK PLAN FOR UTVIKLING AV REGIONEN

Utviklingsplan Setesdal

Gjennom dei nye vedtektene og samarbeidsavtalen for regionrådet er det vedteke at ein skal utarbeide ein eigen utviklingsplan. Denne skal tene som strategisk fundament for samhandlinga i åra som kjem, mellom kommunane, men og som partnarskapsdokument i høve til Aust-Agder fylkeskommune og andre vi samarbeider med.

Agnete Rieber-Mohn vart engasjert til å ta på seg prosjekt- og prosessleiing. Prosjektet vart forankra gjennom orientering og drøfting i representantskapet i juni 2009. Intensjonen var å definere mål, strategiar og tiltak innanfor dei tre områda regionrådet er etla til: interkommunalt samarbeid, infrastruktur og næringsutvikling. Dokumentet skal og synleggjere ressursane i regionen som aktivum og hjelp til å posisjonere Setesdal som ein viktig del av Agder framover.

Det har vore orientert i kommunestyra undervegs, og det har vore brei medverknad frå politikarar, tilsette, regionale styresmakter og ressurspersonar som har vore med å definere målbilete 2020, og strategiar og tiltak for å kome til ei ønskt framtid. Sentralt i arbeidet har vore å tydeleggjere kva

regionrådet skal konsentrere seg om, kva som er klokt å gjere i fellesskap, og kva kommunane sjølve vil ta seg av kvar for seg. Aust-Agder fylkeskommune løyvde midlar til gjennomføring av regionanalyse. Dette grunnlaget var verdfullt for å samanlikne meir faktabaserte utviklingstrekk og kva område ein bør fokusere på for å få den utviklinga ein ønskjer. I innspurten av arbeidet vart det i tillegg henta inn eksterne ekspertkommentarar, gjennom eit fagpanel.

Representantskapet vart orientert i desember 2009. Sluttføringa av høyringsdokumentet vart gjort 1. kvartal 2010. Dokumentet er til høyring fram til 1.7. 2010.

Regionanalyse Setesdal

Med støtte frå Aust-Agder fylkeskommune vart Agderforskning engasjert til å utarbeide regionanalyse for Setesdal. Arbeidet vart delt i to fasar. Fase 1 vart presentert i representantskapet i desember 2009. Analysen vart støttedokument til prosessen med å utvikle nytt strategisk styringsdokument, utviklingsplanen.

SETESDAL OG OMVERDA – IKKJE MINST AGDER!

Setesdalstinget

Den 17.-18. juni skipa ein til eit arrangement med kombinasjon av representantskap – dvs. formannskapa i alle kommunane – og møte med leiinga ved Universitetet i Agder, Agderrådet, fylkeskommunen, NHO, KS og andre.

Universitetet i Agder (UiA) og andre kompetansedeltakarar

Setesdalstinget såg på aktuelle høve til samarbeid med UiA. Rekruttering og kompetansetilbod retta mot bransjar og verksemder i Setesdal kan kome på tale. Utvida teknologibruk og desentraliserte studium, synleggjering, målretta tilbod i høve til særskilte behov for kompetanse, og kva som kan gjerast for å tilretteleggje for kompetansearbeidsplassar i distriktet er andre stikkord.

Fylkesrådmann Arild Eielsen og fylkesordfører Laila Øygarden.



Work-shop – ny setesdalsnode

I oppfølging av m.a. setesdalstinget 2009 vart det gjennomført ein workshop for å drøfte organisering, avgrensingar og ambisjonar for eit nytt og formalisert samarbeid. Desse var med: Eli Skaranger, Atle Slotnes, Trond Skjæveland og Tone Lunde Brekka frå UiA, Stein Kristiansen, Aust-Agder fylkeskommune (AAFK) og Birgit Attestog, AAFK-Setesdal vidaregåande skule, Connie Barthold, engasjert av Setesdal regionråd saman med Ingunn Kile og Signe Sollien Haugå. Eit utkast til prosjektplan vart lagt fram for styret i april 2010.

Strategisk samarbeid for kompetansebygging – desentraliserte studium

I samarbeid med Universitetet i Agder (UiA) og regionane Lindesnes og Lister og med verdfull støtte frå Aust-Agder utdannings- og kompetansefond og Sørlandet kompetansefond kom vi i gang med sjukepleiarstudium hausten 2009. Studiet er del av ordinært studium ved UiA. I alt vart det teke opp 42 studentar. Førelsingane vekslar mellom videooverføring, samlingar på campus og nodeundervising (Byremo, Flekkefjord og Hornnes). Ein arbeider for å få kontinuitet og planlegg nye tilsvarande tilbod med desse samarbeidspartnarane i åra som kjem.

NAV Setesdal

Etablering av partnarskapet mellom NAV Aust-Agder (staten) og kommunane har gått over i driftsfase. Rådmennene representerer kommunane i styringa. I 2009 har ein etablert jamleg dialog med dagleg leiar av NAV Setesdal gjennom m.a. rådmannsmøte. Mellom anna har ein arbeidd med driftsavtalar, delegasjonar, målkort og evalueringsrapport av forprosjektfasen.

Merkur – vitjing

Setesdal var vertsskap for delar av studietur for næringsmedarbeidarar i det nasjonale Merkurprogrammet 16. september 2009.

Agderbenken

Regionrådet la opp informasjon i samband med vitjing av delar av Agderbenken 19. mars 2009.

Aust-Agder utviklings- og kompetansefond

Fondet har løyvd midlar til forprosjekt om utvikling av distriktsvenleg sjukepleiarutdanning.

Tiltaket vart rapportert og løyvinga motteken i 2009. Fondet har og løyvt til gjennomføringa i neste treårs-periode.

AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE OG SETESDAL

Aust-Agder fylkeskommune har fokus på Setesdal både direkte gjennom deltaking i regionrådet, løyvingar til ymse prosjekt i regionen, drift av Setesdal vidaregåande skule – og ikkje minst gjennom samhandling i viktige saker. Dei har også politisk engasjement og er administrative pådrivarar når det gjeld riksveg 9, oppfølging av reiselivsutviklinga på Hovden, gjennom engasjement via Aust-Agder næringssselskap i næringsutviklingsprosjekt osv.

Av årleg formell utveksling av ønske og prioriteringar er uttale til handlingsprogrammet ei viktig sak for regionrådet.

HANDLINGSPROGRAMMET I FYLKESPLANEN 2009

Styret kom med fleire framlegg til fylkeskommunens handlingsprogram for 2009. Mellom dei fremste tiltaka ein ønskte oppfølging av i Setesdal var:

1. Riksveg 9, konseptutvikling, vidare utbygging og finansiering
2. Fylkesdelplan – fleirbruksplan for Otra
3. Fylkesdelplan – distriktsmedisin, pleie og omsorg i setesdalsregionen
4. Regional reiselivskoordinator
5. Landbruksløft Setesdal 2009
6. Strategisk næringsplan med verktøykasse (verkemiddel)
7. Setesdal næringshage

Oppfølging og resultat:

Pkt 1 fekk aktiv oppfølging med etablering av arbeidsgruppe og sekretariat for denne gruppa i regi av fylkeskommunen.

Pkt 2 Planen vart godkjend og formalisert som fylkesdelplan, dels i samsvar og dels i motstrid med lokale ønske og innspel.

Pkt 7 Næringshagen vart etablert med løyving mellom anna frå fylkeskommunen.

Resten av framlegga kom ikkje med på fylkeskommunens prioriteringar i 2009.

KONSESJONSKRAFTAVTALEN

I Aust-Agder har dei ti kommunane med rett til konsesjonskraft saman med fylkeskommunen eit felles fond for forvaltning av konsesjonskraft. Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder (KAA) vart etablert i 1984. Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder arbeider for å sikre gode, stabile inntekter og grunnlag for utvikling av næring og infrastruktur i regionen vår. I møte 28. august 2008 vart partane gjennom forhandlingsutvalet samde om ny avtale for fordeling av konsesjonskraftinntekter. Avtalen tok til å gjelde frå 2010. Avtalen gjeld mellom anna 10 millionar årleg dei neste 10 åra – til saman 100 millionar til utbygging av riksveg 9 og 4 millionar årleg dei neste 10 åra til regionrådet. Avtalen er svært viktig for å få statlege midlar til restutbygginga av vegen, og for å kunne underbyggje regionutvikling og samarbeidstiltak over kommunegrensene. Busjettarbeidet i 2009 la dette til grunn.

REGIONPLAN AGDER 2020

Fylkesrådmann Arild Eielsen orienterte styret i sak 7/09 om høyringsdokumentet. Styret drøfta saka og kom med uttale. Styret i Setesdal regionråd såg positivt på at ein arbeider for eit samla Agder for å sikre vidare utvikling og for å møte utfordringane framover i fellesskap, jf. sak 117/09. Styret var elles oppteke av å få tydelegare fram samspelet mellom kyst og innland, med utvekslingar av naturressursar, vasskraft og fellesgode. Motoren som ligg i kompetanse og næringsliv i Agderbyane, og at ein samla får til ønskt folketals- og velferdsutvikling i heile Agder, såg styret også som viktig. Ein tok og opp behovet for differensierte strategiar og fokuserte på tiltak innanfor klima og energi, utdanning, kultur og samferdsle. Ein kom også med framlegg om at framtidige regionplanar kunne vere hierakisk knytte til Agderplanen, og utdjupe samhanlinga ein legg opp til. Planen vart endeleg godkjend i fylkestinget i april 2010. Mange av momenta som vart nemnde, kom med i det endelege plandokumentet.

FYLKESDELPLAN SETESDAL AUSTHEI, VESTHEI – RYFYLKEHEIANE

Styret har ved fleire høve gjeve uttrykk for uro i høve til prosessen og innhaldet og etterlyst møte med prosjektleinga.

RIKSVEG 9 – AGDERRÅDET / STAMVEGAKSJONEN

Vegvesenet har møtt og orientert styret om utbygginga av Langeid-parsellen, om andre tiltak innanfor ramma av planprogrammet, rassikring og mindre tiltak. I møta i 2009 har Vegvesenet streka under at det er viktig å ha planreserve. Styret har ved fleire høve drøfta restutbygging og finansiering av det ut frå konsesjonskraftavtalen mellom fylkeskommunen og kommunane. I 2009 drøfta ein og rekkjefølgja av av dei strekningane som står att. Det er etablert stamveggruppertil dei ulike prioriterte prosjekta, m.a. ei for rv. 9. Gruppa har representasjon frå Vegvesenet, fylkeskommunen, regionrådet og Agderrådet ved stamvegaksjonen. Gruppa har Kay Jeiskelid som leiar og Hilde Bergersen er sekretær.

FLEIRBRUKSPLAN FOR OTRA

Styret gav uttrykk for sterk misnøye med forvaltingsplanen og prosessen som fylkesmannen i Vest-Agder har stått for, og varsla at ein ønskte eit nytt planarbeid. Styret bad fylkeskommunen setje i gang arbeid med ein fullverdig fleirbruksplan med planprosess i samsvar med planlova og med heilskapleg tematilnærming og avvegingar for vassdrag og nedslagsfelt. Ein bad og om avklåring av prinsipielle problemstillingar etter vassdirektivet i høve til særlover og konsekvensar av ein framtidig Kgl. res. Ein ønskte også avklåring om planen kunne verke førande for revisjon av konsesjonsvilkår og ikkje minst for krypsivproblematikk (sak 72/09). Styret såg helst at tilhøva skulle ha vore avklåra før planen fekk status som fylkesdelplan.

STRATEGISK KULTURMINNEPLAN

Dagleg leiar vart oppnemnd til å delta i prosjektgruppe, sak 33/09. Gruppa arbeidde konsentrert hausten 2009 og høyringsdokumentet kom ut i mars 2010.

SETESDAL VIDAREGÅANDE SKULE

Skulen gjennomførte to kurs retta mot næringslivet i 2009, CNC-kurs og våtromskurs. Skulen ved rektor var og aktiv med utviklingsarbeid for eit samordna kompetansehevingstilbod, jf. workshop og omvising på avdelinga på Hovden, setesdalstinget og funksjonen som teknisk arrangør for sjukepleiarstudium som vart sett i gang. I desember kom ein og i gong med planlegging av tilbod om basiskompetanse i næringslivet, noko som kjem til å verte eit viktig fellesprosjekt i 2010.

Setesdal vidaregåande skule og idrettslina på
Hovden – eit sprekt og ungt miljø!





Bedriftsgruppa:

- Rune Skibsrud – Skibsplast, *leiar*
- Ole P. Bruun – tidlegare Hovden Høgfjellshotell
- Terje Greibesland – Setesdal Bilruter
- Steinar Nomeland – Nomeland Anlegg
- Per Birkeland – Byglandsfjord sag

5

DIFFERENSIERT ARBEIDSGJEVARAVGIFT

OPPSUMMERING – RAPPORTERING OG UTBETALINGAR FRÅ ORDNINGA

Bedriftsgruppa utgjer, saman med styret i Setesdal regionråd, eit fellesskap som disponerer kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift i Setesdal og lveland.

Dagleg leiar i regionrådet står for dagleg oppfølging og koordinering av tiltak og prosjekt. Laila Kiland, økonomiavdelinga i Valle kommune, syter for rekneskapsføring, rapporteringar, nødvendige sluttrapporteringar og revisjonsoppfølging. Vi har tett og godt samarbeid med Aust-Agder fylkeskommune ved Anne Torunn Hvideberg og Bodil Lindestad når det gjeld disponering og rapportering om ordninga.

Til saman har Setesdal vorte tilgodesett med ei samla ramme på kr 18 327 309 i heile perioden 2006-2009. Den største posten var 8 mill. for å få i gang utbygginga av rv. 9 mellom Ose og Tveit. Tiltak har vore supplert med delfinansiering / eigne midlar og innsats frå regionrådet.

SAMANDRAG AV SLUTTRAPPORTERTE PROSJEKT 2009

Ordninga vart avvikla og alle prosjekt som var starta opp måtte vere avslutta og rapporterte ved årsskiftet. Rapporterte tiltak i 2009 førde med seg ei utbetaling på kr 3. 307 770 som stod att på ordninga. I 2009 rapporterte vi desse prosjekta:

Gjennomførde og rapporterte prosjekt i 2009:

9607	Strategiutvikling m.m.	109 995
9614	Banner, master	1 075 882
9616	Setesdal.com	128 195
9617	IP-soner	466 800
9618	Styre-intro-kurs	12 431
9619	Dørvertkurs	14 689
9620	Styrekurs, BI	253 971
9621	Merkestein, EH	256 614

SETESDALSKONFERANSEN 2006 - 2009

Bedriftsgruppa som representerer det private næringslivet i Setesdal i eit partnerskap saman med ordførarane i samarbeidskommunane skipa til setesdalskonferansen. Føremålet var at næringslivet i Setesdal skulle få auka kunnskap om kvarandre, utvikle eit nettverkssamarbeid og setjast i stand til å samarbeide kommersielt på nye måtar. Leiar av bedriftsgruppa, Rune Skibsrud, har vore leiar av årlege programkomitear. Ole P. Bruun har og delteke fast, medan resten av bedriftsgruppa i varierende grad har delteke i planlegginga. For tilskipingane i 2007 og 2009 trekte ein veksle på deltakarar frå tidlegare konferansar. Regionrådet har vore sekretariat dei siste åra og sytt for koordinering med programleiar, innleiarar og logistikk kring arrangementa.

STRATEGIUTVIKLING MM. 2006 - 2009

Dette prosjektet gjeld organisering og administrasjon av kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift i Setesdal. Med til dette høyrer tilrettelegging, planlegging, rapportering og formalisering av nye tiltak for styret i regionrådet og bedriftsgruppa.

MINISTYREKURS

Evje utvikling arrangerte frukostmøte med introduksjon til styrearbeid i samarbeid med regionrådet.

DØRVERT- OG ORDENSVAKTURS

Politiet i Nedre Setesdal vil innføre krav om at alle som arbeider som ordensvakter eller dørvertar ved skjenkestader i distriktet skal ha gjennomført godkjent ordensvakt-/ dørvertkurs. Evje utvikling AS tok initiativ til kurset og gjennomførde det i samarbeid med regionrådet. Kurset er særleg relevant med tanke på omfanget av reiseliv og turisme i regionen. Det var likevel berre 7 deltakarar.

RV.9, INFORMASJON – PÅVERKNADSARBEID

Bedriftsgruppa og styret i Setesdal regionråd sette av romsame rammer til å følgje opp riksveg 9 og sikre vidare utbygging gjennom aktivt påverknadsarbeid. Setesdalskonferansen har og underbygt at veg som infrastruktur for verksemd og regional utvikling skal ha høg prioritet både administrativt og politisk.

Frå Stortingsprop. 50 (2001-2002) og vedtaket om «setesdalspakka» har ein medverka til å halde vegprosjektet i kontinuerleg aktivitet. Dette er delvis gjort gjennom bompengefinansiering, men og gjennom lokale tilskot som forskottering (Bykle kommune) og kommunale løyvingar (Bykle, Valle og Bygland + regionrådet).

I arbeidet har ein fått utarbeidd ein forstudie, ein verdiskapingsanalyse for stamvegen rv. 9 – rv. 13 (2005). Det er også gjennomført seminar for å etablere alliansar og samarbeid med Hardanger (stamvegrote 4 c og Hardangerbrua) for å gjere reiseruta frå kontinentet til fjordane i vest kjend som infrastruktur for turisme og som framtidig ferjefri og raskaste transportåre for tungtransport frå sør til vest.

Påverknadsarbeidet vidare har handla om møte og korrespondanse med sentrale styresmakter, politisk og administrativt. Delvis har dette gått føre seg direkte mellom desse og regionrådet og i samarbeid med Aust-Agder fylkeskommune ved Agderrådet og stamvegaksjonen – og ikkje minst Statens vegvesen, region sør. Det har og vore lagt opp synfaringar og vegopningar av parsellar, vitjing av transportkomiteen på Stortinget og ymse aktivitetar for å syne kor viktig rv. 9 er på ulike nivå.

Måloppnåing:

- Stamvegstatus – auka vegstandard – kurvatur og breidde, trafikktrygging.
- NTP 2006-2015: aksept for pakka med statleg finansiering.
- St.prop 1 (2005-06), auka total ramme – oppdatering kostnadsbilete.
- Budsjettnst. S nr 13 (2006-2007), transportkomiteen bad om gjennomgang av finansieringsbehov og korleis dette kunne løysast.

- St.prop nr 1 (2007-2008), brei omtale rv. 9, oppdaterte kostnadsoverslag. Opplegg for å sikre finansiering Ose-Tveit i 2008 og Tveit-Langeid i 2010-2011.
- Løyving, 8 mill. frå komp.ordninga for å sikre utbygging mellom Ose og Tveit.
- Statsbudsjettet for 2010, oppstart Tveit-Langeid. Krisepakkemillionar – 10. mill., og signal om statleg finansiering Tveit-Krokå.
- NTP 2010-2019: Opning for Tveit (Krokå)-Langeid i 1. handlingsplanperiode. Opning for fleire løyvingar til vidare utbygging i handlingsprogrammet.
- Konesjonskraftavtalen (2008) og merksemd på ny regional stønad på 100 mill., for i fellesskap å sikre vidare utbygging og utløyising av statleg restfinansiering.
- Etablert prosjektgruppe for å sikre vidare planlegging og utbygging på kort sikt (2009) og strategiar for samla utbygging (gul stripe innan 2018) saman med fylkeskommunen, vegstyresmaktene, stamvegaksjonen og bompengeselskapet. Framlegga frå gruppa vert drøfta og forankra og er tenkt å utgjere fundament for vidare påverknadsarbeid for sluttutbygginga av Rv. 9.

BANNER – MASTER



Prosjektet gjekk ut på å hengje opp banner, og setje opp master der det ikkje var eigna stolpar til å feste banner på. Avklåring av formalitetar kring bruk av stolpar og opplegg for oppføring, vedlikehald osv. hørte også med. Prosjektet fekk godkjenning som pilotprosjekt, med nasjonal godkjenning for i første omgang tre år. Det vart

*Rv 9 opprustinga har som mål gul midtstripe innan 2018.
«Krisepakke-millionane» utløyste oppstart av parsellen Tveit
– Krokå (Langeid sør).*





utarbeidd kriterium for korleis bannera – grøne og raude – skulle plasserast. Otera hjelpte til med styrkerekning på stolpar og vilkår for utforminga av banner, og gav løyve til bruk av stolpane. Ekstra stolpar vart sette opp i samarbeid med aktuell kommune med kostnadsdeling. Det vart inngått avtale med Otera om vedlikehald og drift av tiltaket. Tiltaket ser ut til å ha vore særst positivt motteke av lokale folk og ferdefolk. Det har kome ønske om å setje opp banner og master også andre stader. Dette har vorte avvist ut i frå ønsket å halde seg til eit konsistent opplegg i tråd med tiltaket det vart søkt om og omforeina prinsipp og intensjon overfor vegfarande. Det er stader med turistisk infrastruktur og attraksjonar som skal gjerast synlege.

SETESDAL.COM

Prosjektet har gått ut på å oppgradere nettstaden Setesdal.com med teknisk bru og ny EPI-server slik at utveksling av data mellom Setesdal.com / Visit Setesdal og Visit Sørlandet skal fungere slik at framtidige oppdateringar automatisk skjer på baa nivå. Dette vil vere ein viktig infrastruktur også når det gjeld framtidige felles bookingmotorar og anna for reiselivsverksemdene.

IP-SONER

Prosjektet har hatt som siktemål å vidareutvikle opplegget med IP-soner og førebu fast drift av andre deltakarar. Det har også vore viktig å synleggjere tilbodet for folk som gjestar dalen, og å forankre tilbodet og interessa for vidareføring i sentrale delar av reiselivet. Systemet og strukturen er vurdert å vere på høveleg nivå.

For 2010 føreset ein betre merking og marknadsføring, og at koder for utvida bruk vert betre distribuerte. Det ligg også til rette for at drifta av utstyret kan førast vidare gjennom brukarfinansiering dersom ein ikkje finn at dette skal halde fram som del av den offentleg drivne turistiske infrastrukturen.

STYREKURS BI

Styret godkjende i sak 32/09 oppstart av BI-kurs i styrekompetanse for leiarar og andre personar med styreombod frå Setesdal. Kurset skulle gje kunnskap om sentrale problemstillingar og teoriar som er viktige for praktisk utøving av styreombod i privat og offentleg sektor. Kurset gav 6 studiepoeng. BI Kristiansand stod for gjennomføring, og Bykle Hovden Vekst (BHV) for prosjektleiing og tilrettelegging. Det vart halde informasjonsmøte om kurset i juni 2009, og det vart arbeitt aktivt med rekruttering av deltakarar gjennom næringsmedarbeidarar i kommunane. I overkant av 40 personar melde seg interesserte, og vel 30 vart tekne opp. Det vart gjennomført tre kurssamlingar (i alt fem dagar) og ein heimeeksamen. Det var 29 som gjennomførde, og alle greidde eksamen. Evaluering av kurset viser at deltakarane alt i alt er godt nøgde med gjennomføring og nytte

BAUTASTEIN OG LYS, EVJE

Oppsetjing av merkestein er tidlegare gjort på Hovden i Bykle, på Helle i Valle, i Bygland og i Hirtshals i Danmark. Prosjektet er gjennomført med Åvald Bakken frå Statens vegvesen, region sør, som prosjektleiar og underteikna som prosjektansvarleg. Plasseringa i Evje og Hornnes vart vald delvis ut frå landskapskvalitetar – gamalt og rikt kulturlandskap kring ei kyrkjebygd – og delvis ut frå at det skapte variasjon i høve til plasseringane til dei andre merkesteinane. Desse har vassdrag, berg og hei som fondmotiv og bakgrunn. Det vart og teke omsyn til praktiske og økonomiske løysingar for å realisere tiltaket utan store tilleggskostnader.

6

TIL NÆRINGSLIVET

NÆRINGSAPPARATET OG NÆRINGSARBEIDET

I 2009 tok næringsapparatet del i arbeidet med utviklingsplan. Det har og vore mykje og godt samarbeid om konkrete nærings saker mellom 1. line lokalt, regionrådet og Innovasjon Norge gjennom året. Det har også vore nyttige utvekslingar på bransjesatsingar. Både NAV og Aust-Agder nærings selskap har på ein flott måte medverka til å få i gang og leggje til rette for viktige nærings saker.

Politisk og administrativ leing hadde temamøte med Innovasjon Norge, landbruksavdelinga hjå fylkesmannen og NAV for å få ei felles oppdatering om kva som fremjar nærings utvikling.

Regionrådet skipa til eit temamøte der lokale bankar og 1. lina deltok. Der drøfta ein kva slags samarbeid ein vil ha, rekkjefølgje i saksgang og ulike utfordringar knytte til nærings saker. Ein tok og opp rolle deling og forventingar.

Det vart også arbeitt mykje for å hjelpe til med å forme og få etablert prosjektet Setesdal nærings hage i 2009.

Det har dessutan vore skipa til prosjekt og kompetansetiltak retta mot bransjar og ulike målgrupper – sjå lenger bak. Ein har og fokusert på tema som reiseliv og landbruk med eigne satsingar.

REGIONALT NÆRINGSFOND

Aust-Agder fylkeskommune gav i 2009 kr 900.000 til regionalt nærings fond for Setesdal. Regionrådet pliktar å yte tilsvarende vel 60 % av dette, kr. 500.000. I tillegg vart det disponert ekstra pengar innanfor drifts ramma med kr. 590.500. Til saman utgjer dette kr 1.990.500 i såkalla regionalt nærings fond. Ramma vart disponert i samsvar med tilsegnsbrev og styringsmåla til regionrådet. Disponeringane vart gjorde delvis gjennom styrevedtak og delvis gjennom administrative vedtak frå dagleg leiar.

ArtExpo, M. S. Kvaale	40.000
Revsnes hotell – investeringstilskot	250.000
Setesdal vgs – CNC-kurs / prosjektstøtte	40.000
Setesdal vgs – våtromskurs	30.000
Studio Moosika – Rolf Lislevand – investeringstilskot	100.000
Duro Bartulak – investeringstilskot	209.000
Knut Johan Tveit – driftsbygning – investeringstilskot	200.000
Hovden badeland – investeringstilskot	600.000
Øystein Greibrokk – leirmuring – kompetanseutvikling	50.000
Birkeland fellesbeite – investeringstilskot	44.000
Potetlager Austad – investeringstilskot	200.000
Margit Dale – Kallefoss camping – investeringstilskot	70.000
Roy Andersen – Sør-Vest fisk og skalldyr, etableringstilskot	5.000
Annemor Sundbø – strikking i biletkunsten, konseptutvikling	30.000
Brokkestøylen – marknadskontrakt – kompetanseutvikling	3.000
Nomeland driftehei – konseptutvikling	40.000
Harald Sangesland – etableringstilskot	25.000
Ose uldvare: setesdalsgarn – produktutvikling	2.500
Stock as – patentsøknad – konseptutvikling	21.000
Glashytta – utviklingskonsept	31.000
SUM	1.990.500



Glashytta i Setesdal har gjennomført eit utviklingsprosjekt for å kunne blåse «Kroneglas». Kroneglas er «ruta» i gammeldagse vindaug – med «auge» i midten. Prosjektet omfatta kjeldegransking, utvikling av produkt med materiale, blåseteknikk osv. Det nye produktet er utvikla i samråd med bygningsvernerar. Kronglaset er etterspurt til restaurering av gamle vindaug frå museum, eigarar av gamle bygningar og handverkarar – og til spesielle nybygg.

Landbruket er basissnærning i Setesdal og viktig for busetting. Utøverane produserar mat og vakre kulturlandskap. Ein av desse er Øyvind Aakhus – driftig heiltidsbonde i Bygland.



LANDBRUK – FELLES LYFT

Landbruk har dei siste åra vorte lyft fram politisk, og ein har prioritert å vere synlege for å stø opp om ei positiv utvikling i ei truga næring. Det har vorte definert satsingar og prosjektarbeid som:

KU-GJENGEN – NATURLIGVIS 2009

Det vart sett i gang eit prosjekt der målet var å sjå på korleis ein kan oppretthalde og auke mjølkeproduksjonen i Setesdal. Med i gruppa var jordbrukssjef Inge Eftevand, Evje og Hornnes kommune, jordbrukssjef Kjell Ø. Berg (Bygland kommune) og rådgjevar landbruk og utmark Sigrid Bjørgum (Bykle kommune) frå 1. linetenesta. Øyvind Aakhus, Jørund Upsal, Tarald Myrum, Åse Ingebjørg Homme og Søren Hodne har vore aktive bønder i prosjektet. I tillegg har Tor Kåre Helland, dagleg leiar ved Tine Meierier Sør Setesdal vore med i prosjektgruppa. Det vart laga eit inspirasjonshefte for etablerte og potensielle mjølkeprodusentar i Setesdal, med tittelen «Bli mjølkebonde». Her såg ein nærare på landbruk som basisnæring. Under «Naturligvis 2009» laga gruppa til ein ku-tainer, med profilering av lokale mjølkeprodusentar og ymse aktivitetar for publikum. Stortingsrepresentantane frå Agder fekk prøve seg i handmjølke-konkurranse(!), det vart rista smør og delt ut smaksprøver på lokalprodusert mat. Takk til Tine og Setesdalsmuseet for godt samarbeid under Naturligvis 2009!

GAMA PÅ GARDEN!

Deltakarar i denne gruppa var Åse Ingebjørg Homme (mjølkebonde og leiar Aust-Agder bondelag), Ingebjørg Hodne (Hodne gard), Tone Rysstad (mjølkebonde), Jakob Saaghus (Setesdal forsøksring), Kirsten Bråten Berg (sauebonde og folkemusikar), Sigrid Bjørgum (rådgjevar landbruk og utmark, Bykle kommune), Ragnhild Jakobsen, Ragnhild Bjåen (Bjåen fjellstove) og Astrid Ruth Nyberg (Bjørkevollen gård). Det vart gjennomført eit forprosjekt der ein ønskte å sjå på korleis ein kan auke inntenings- evna på garden, gjennom å tilby garden som ein arena for aktivitet. Gruppa reiste på studietur til Hjartdal og Lunde i Telemark, der ein såg på kva dei hadde fått til av aktivitet på gardane der. Gruppa henta motivasjon og inspirasjon for å gå i gang med eigne prosjekt.

ETABLERING AV NYE PRODUKSJONAR – INVESTERINGAR I FELLSTILTAK

Styret såg og positivt på initiativet frå lokale bønder for å ta opp att samarbeidstiltak om dyrking og lagring av potet. Det vart løyvt ei ramme til eventuell investering. Birkeland fellesbeite og fleire einskildprosjekt innanfor investering fekk også løyvingar.

STORE VERKSEMDER – VIKTIGE NÆRINGSSAKER

Fleire av dei største verksemdene innanfor reiseliv, treforedling og produksjon fekk saman med viktige hjørnesteinsverksemdar, samordna oppfølging når det gjaldt nødvendige oppgraderingar, utviklingsprosjekt og investeringar. Desse oppfølgingane involverte 1. lina i kommunane, Innovasjon Norge, Aust-Agder næringssselskap, NAV og regionrådet. Fleire verksemdar har og fått tilgang til viktige program og satsingar gjennom Innovasjon Norge i 2009 – og vi har døme på verksemdar som fekk FOU-kontrakt.

KULTUR, HANDVERK OG EIGENART

Styret ytte løyvingar til ymse CD-produksjonar, etablering av lydstudio og andre natur- og kulturbaserte næringsinitiativ. Det vart og gjeve stønad til ei dokumentasjonsbok innanfor åkletradisjonane i Setesdal. Ein kunstnar fekk hjelp til profilering og marknadsføring i samband med utstilling i New York.

KOMPETANSETILTAK FOR NÆRINGSLIVET

Det vart gjeve løyvingar til våtromskurs, CNC-kurs i regi av Setesdal vidaregåande skule.

7

BALANSEREKNESKAP

	REKNESKAP 2009	REKNESKAP 2008
EIGEDELAR		
A. ANLEGGSMIDLAR		
Utlån	1 066 489,03	1 320 907,03
Aksjar og andelar	456 848,00	446 121,00
Pensjonsmidlar	290 719,00	183 648,00
Sum anleggsmidlar	1 814 056,03	1 950 676,03
B. OMLØPSMIDLAR		
Kortsiktige fordringar	5 295 622,79	5 787 927,34
Kasse, postgiro, bankinnskot	3 692 165,04	6 538 579,88
Sum omløpsmidlar	8 987 787,83	12 326 507,22
Sum eigedelar	10 801 843,86	14 277 183,25
GJELD OG EIGENKAPITAL		
C. EIGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	-4 276 548,58	-5 609 847,12
Bundne driftsfond	-281 731,21	-1 197 561,61
Regnskapsmessig overskot	0,00	-84 865,81
Regnskapsmessig underskot	96 877,77	0,00
Kapitalkonto	-1 457 800,91	-1 721 810,24
Sum egenkapital	-5 919 202,93	-8 614 084,78
D. GJELD		
LANGSIKTIG GJELD		
Pensjonsforplikting	-355 859,09	-228 469,76
Sum langsiktig gjeld	-355 859,09	-228 469,76
KORTSIKTIG GJELD		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Anna kortsiktig gjeld	-4 524 159,04	-5 425 160,23
Premieavvik	-2 622,80	-9 468,48
Sum kortsiktig gjeld	-4 526 781,84	-5 434 628,71
Sum gjeld	-4 882 640,93	-5 663 098,47
Sum egenkapital og gjeld	-10 801 843,86	-14 277 183,25

**AKSJER OG ANDELER SOM ER FØRT OPP SOM ANLEGGSMIDLER
AKSJER OG ANDELER I**

NAVN	BOKFØRT VERDI	MARKEDSVERDI	EIERANDEL
Egenkapitalinnskudd KLP	1 348,00		
Setesdal Bilruiter L/L	445 500,00	766 657,00	4,53 %
Stiftinga Haukeliseterfestivalen	10 000,00		17,60 %
Sum aksjer og andeler	456 848,00		

NOTE – SPESIFIKASJON AV OVERFØRINGAR MELLOM SELSKAP OG DELTAKARAR

	BELØP
Bykle kommune	-1 300 000
Bykle kommune	25 000
Valle kommune	-1 300 000
Valle kommune	88 543
Bygland kommune	-1 300 000
Evje og Hornnes kommune	-1 300 000

NOTE – EKSTERNE INNTEKTER

	REKNESKAP 2009	BUDSJETT	REKNESKAP 2008
Salsinntekter	0	0	-1 300
Refusjon frå staten	-1 148 771	-298 000	-695 288
Refusjon frå fylkeskommunen	-1 200 000	-900 000	-975 000
Andre refusjonar	-21 561	0	-554 447
Totalt	-2 370 332	-1 198 000	-2 226 035

**NOTE – BEMANNING OG YTINGAR
TIL LEDANDE PERSONAR**

	REKNESKAP 2009	REKNESKAP 2008	REKNESKAP 2007
Bemanning i årsverk	1,8	1,8	1
Løn dagleg leiar	650 706	524 726	485 000
Løn styreleiar	120 000	101 860	97 000
Godtgjering revisor:			
- revisjon	11 160	9 743	12 040
- bistand	2 766	4 712	6 728



DRIFTSREKNESKAP

	REKNESKAP 2009	REGULERT BUDSJETT	REKNESKAP 2008
DRIFTSREKNESKAP			
DRIFTSINNTEKTER			
Salgsinntekter	0,00	0,00	-1 570,00
Refusjoner	-7 570 332,90	-6 398 000,00	-7 849 736,09
Andre driftsinntekter	-401 006,21	-115 000,00	-551 536,48
Sum driftsinntekter B	-7 971 339,11	-6 513 000,00	-8 402 842,57
DRIFTSUTGIFTER			
Løn inkl. sosiale utgifter	1 423 329,84	1 380 000,00	1 008 313,13
Kjøp av varer og tenester	4 986 517,20	2 358 000,00	4 316 158,08
Overføringar	3 959 169,40	3 550 000,00	4 934 050,69
Andre driftsinntekter	401 006,21	0,00	551 536,48
Sum driftsutgifter C	10 770 022,65	7 288 000,00	10 810 058,38
Driftsresultat D=B-C	2 798 683,54	775 000,00	2 407 215,81
FINANSPOSTER			
Renteinntekter	-124 546,71	-130 000,00	-246 804,56
Renteutgifter	426,69	0,00	525,44
Utlån fra næringsfond	0,00	0,00	250 000,00
Mottekne avdrag på lån	-254 418,00	-255 000,00	-323 168,00
Ordinært resultat H	2 420 145,52	390 000,00	2 087 768,69
INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR			
Avsetninger	644 925,78	0,00	2 365 270,33
Bruk av tidligere avsetninger	-2 978 920,53	-400 000,00	-4 537 904,83
Brukt til fin. av utgifter i kapitalregnskapet	10 000,00	10 000,00	0,00
Sum avsetninger J	-2 323 994,75	-390 000,00	-2 172 634,50
Regnskapsmessig resultat K=H+I-J	96 150,77	0,00	-84 865,81
Regnskapsmessig overskudd	0,00	0,00	84 865,81
Regnskapsmessig underskudd	-96 150,77	0,00	0,00
DIFFERANSE	0,00	0,00	0,00

9

REVISJONSBERETNING


Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornnes-Iveland -

Til styret i Setesdal Regionråd

REVISJONSBERETNING FOR 2009


Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd for regnskapsåret 2009, som viser et ordinært resultat på 2 420 145,52 og et regnskapsmessig resultat på kr -96 150,77. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet. Årsregnskapet består av driftsregnskap, kapitalregnskap, balanseregnskap og noteopplysninger. Kommuneleien med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapskikk i Norge, er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet er avgitt av samarbeidets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til kommuneleien og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommuneleien, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god kommunal revisjonsskikk omfatter revisjon også en gjennomgåelse av samarbeidets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for samarbeidets økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god kommunal regnskapskikk i Norge
- de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapopplysninger i samsvar med lov og god kommunal regnskapskikk i Norge
- opplysningene i styrets årsberetning om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Evje, 12. mai 2010
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS


Steinar Risinggård
Revisjonssjef

TELEFON
Risinggård 379 32 360
Nilsen 379 32 361
Pytten 379 32 362
Mobiltf 916 31 468
Fax 379 32 365


E-POST
srisinggard@e-h.kommune.no
onilsen@e-h.kommune.no
tpytten@e-h.kommune.no

POSTADRESSE
Evjemoen
4735 EVJE

BESØKSADRESSE
Evjemoen

ORG.NR
976662652

BANKKONTONR
2901.11.01788



Samarbeidet med Kristiansand Cykleklubb (KCK) om Colorline Setesdal Tour har gjort sykkelløpet og dei mange syklistane til eit gildt varteikn som heile Setesdal heier fram!



10

ANDRE LØYVINGAR – INITIATIV MED REGIONALT ELLER BREIARE TILSNITT

PROSJEKTSAMARBEID

I 2009 vart det mellom anna sett av pengar til å støtte etablering og drift av Ungdomens kompetansehus, Setesdal næringshage og Folke-musikkprosjektet.

SETESDALSBIBLIOTEKA

Styret løyvde 150` til prosjekt digitalkompetanse-heving. Prosjektet var eit fellestiltak for å gjere digitale media og informasjon gjennom PC og internettbruk tilgjengeleg for fleire. Opplegget fokuserte på introduksjon til eldre og andre utan røynsle i bruk av data.

LØYVINGAR TIL DEI MED VILJE TIL Å SKAPE NYE AKTIVITETAR OG AUKA ATTRAKTIVITET

Cuba-prosjektet, DS Bjoren AS, NM Akropara-gliding, Colorline Setesdal Tour – Kristiansands Cykleklubb (KCK), Rock i Brokke, Rekordfestivalen på Hovden, Naturligvis på Evje, Sprekleiken i Valle, stiftingskapital til Haukelifestivalen, forprosjektløyving til Barnevandringsleden i Lindesnesregionen, kontingent til Sørlandske sommernetter, og Hovden vilt- og rakfiskfestival er noko av det som fekk hjelp i 2009.

STØTTE TIL OFFENTLEGE SIGNALANLEGG, INFRASTRUKTUR OG UTVIKLING AV REGIONSENTER

Hovden badeland fekk inntil 30 % eller inntil 600` i einskildvedtak, og tilsvarande løyvde styret 250` til informasjonsanlegg for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde ved Håhellervatn. Styret løyvde 100` til stad-utviklingsprosjekt i Evje sentrum som kommunesentrum, handelsstad og regionsenter.

DS BJOREN AS

Styret har løyvt monalege rammer dei siste åra for at båten skal få den oppgraderinga som trengst og ha utgangspunkt for framtidig drift. I dette låg og føring for gjennomføring av ein eigen utviklingsplan for båten som del av reiselivmessig produkt og infrastruktur. Arbeidet vart gjennomført av Marie Bergsli frå Mimir i samarbeid med Jørn Salvesen og resten av styret i Bjoren. Rapporten skisserte 3 ulike alternativ til vidare driftsform og ei rad tiltak for å utvikle produktet vidare. Styret i regionrådet oppmoda styret i Bjoren om å drøfte ei varig driftsform.

COLORLINE SETESDAL TOUR

Kristiansands Cykleklubb (KCK) tok initiativ til samarbeid med idrettslag, reiselivslag og regionrådet med sikte på å byggje opp sykkelløpet Kristiansand – Hovden og sykling i Setesdal. Gjennom samarbeidsavtale med KCK fekk ein til namneendring og gjort Setesdal synleg for ei viktig målgruppe som syklistar kan verte for Setesdal. Samarbeidet som KCK har med ColorLine er og positivt som fellesnemnar for reiselivet og reisemåla våre. Samarbeidet starta i 2008 og er vidareført i 2009.

YMSE

Aksjesal Setesdølen

Styret og kommunestyra har brukt mykje tid og lagt ned mykje arbeid om prinsipp, og landa på sal av eigardelane i 2009.

Løyvingar – prosjekt og tiltak

Øystein Greibrokk, prosjekt leirmur	50.000
Helsesamarbeid, forstudie	32.000
Setesdalstinget 2009	23.000
N. Irslinger, Guinness-rekordforsøk	5.000
Ungdommens Kulturmonstring (UKM Setesdal) 2009	10.000
Agderforskning, regionplan-notat	40.000
Setesdalsmuseet, prosjekt «Mellom Evje og Afghanistan»	20.000
Bokprosjekt Karin Bøe, åkletradisjon Setesdal	95.000
Setesdalsbiblioteka, digitalprosjekt	150.000
Håhelleren rasteplass, infoanlegg, verneområdet SVR	250.000
Setesdal næringshage, driftsstøtte	100.000
CMT- Stuttgart – reiselivssmesse	115.000
Ungdommens kompetansehus, driftsstøtte	100.000
OSS, Helsedialog – samhandlingsreforma	300.000
Folkemusikkprosjektet Setesdal, driftsstøtte	150.000
Ymse kulturprosjekt – identitet	39.000
Utviklingsplan Setesdal	200.000
D/S Bjoren, driftsstøtte	500.000
Spelsauprosjektet	12.000
Cubaprojekt (syklar)	25.000
Opning Brokke-Suleskardvegen	13.000
Gama i garden	25.000
KU-gjengen	25.000
Landbrukets dag	50.000
Noregsmeisterskap i akro paragliding	10.000
Rekordfestivalen Hovden 2009	25.000
Michael Aadal, CD	10.000
Rock i Brokke 2009	8.000
Sprekleiken Valle IL / Tufta farmers challenge	8.000
Stiftingskapital Haukeliseterfestivalen	10.000
SUM	2.400.000

11

KONTORARBEID OG KAPASITET

KONTORSTAD – REGIONRÅDET

Vi har avdelingskontor i kommunehuset i Bygland for prosjektmedarbeidaren. Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad for dagleg leiar.

TENESTEAVTALE – VALLE KOMMUNE

Regionrådet har tenesteavtale for kjøp av sekretærtjenester, arkiv, økonomi, IKT o.a. i Valle kommune. Laila Kiland ved økonomiavdelinga her har hatt tyngste børa med regionrådet i 2009, og teke hand om alt som har med rekneskapsføring og økonomioppfølging for rådet.

12

FRAMTIDSUTSIKTER – PRIORITERTE AKTIVITETAR

Fylkesplanen sitt handlingsprogram 2010 – ønskje frå oss:

I uttalen sak 70/09 ba styret Aust-Agder fylkeskommune fokusere på desse utviklingsprosjekta hjå oss gjennom løyvingar, kompetanse eller andre ressursar for aktiv oppfølging i 2010:

- Riksveg 9 – konseptutvikling – samla restutbygging
- Fleirbruksplan for Otra – fylkesdelplan jf. vassdirektivet
- Visit Setesdal – fellestiltak
- Regionale næringsutviklings- og kompetansetiltak, bransjeprojekt og liknande i regi av regionrådet og lokalt tiltaksapparat / Setesdal næringshage
- Regionalt profilerings- og tilflyttingsprosjekt
- Rekruttering, kompetanseprogram, landbruk – mat
- Kulturbasert stad- og næringsutviklingsprosjekt med regional og nasjonal karakter
- Synleggjering, omdømebygging, attraksjonskraft
- FOU inn i utvalde bransjar – t.d. reiseliv
- Desentralisert utdanning

Regionrådet sine egne prioriteringar for 2010:

Prioriteringane av ressursar og innsats er spegla av i budsjettet. Fokuset vårt vil i 2010 vere på:

- Tilsetjing av reiselivskordinator og utvikling av tiltak i tråd med Visit Setesdal
- Vidareføre stønad til igangsette regionale fellesprosjekt (folkemusikk, næringshage)
- Turistisk infrastruktur, mellombels drifts- stønad og utviklingsmidlar
- Utviklingsplan, prosess og gjennomføring – utforming av plandokumentet
- Helsesatsing – OSS og fleire ulike tema- prosjekt innanfor helse
- Kompetansetiltak – desentralisert sjukepleiarutdanning og andre tilbod.
- Riksveg 9 – planlegging – utbyggingsreserve, pådrivar restutbygging
- IKTsamarbeid – gjennomføring – formalisering
- Næringsutvikling, næringsfond – oppfølging av næringslivet og tiltaksarbeidet
- Fleirbruksplan for Otra – fylkesdelplan jf. vassdirektivet
- Regionalplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei
- Interkommunalt samarbeid i høve overordna arealplanlegging

Takkehelsingar frå dagleg leiar

Kvardagen i regionrådet handlar mykje om å legge til rette for samhandling internt og ekstert. Vi skipar møte og prøver å vere bindeledd mellom mange viktige aktørar, organisasjonar og gilde personar! Takk til dykk som er nemnt med namn framom – til kvar og ein av alle dykk andre som vi også har hatt gleda av å ha kontakt med i 2009. Særskilt takk til alle gode hjelparar – eigen medarbeidar, vertskommunen og dykk i det

interkommunale rommet. Det er også mange «rundt» regionrådet som er støttespelarar og tenesteytarar – til inspirasjon og hjelp for oss.

De medverkar alle til regional utvikling og arbeidsglede! Tusen takk!

Signe Sollien Haugå

Signe Sollien Haugå

DAGLEG LEIAR

Dei tilsette i regionrådet; Signe Sollien Haugå og Ingunn Kile.



UTGJEVAR: Setesdal Regionråd
TEKST: Signe Sollien Haugå
DESIGN: Kjetså Design AS
FOTO: Marit Simonstad Kvaale
TRYKK: Setesdalstrykk AS





BYKLE
KOMMUNE



VALLE
KOMMUNE



BYGLAND
KOMMUNE



EVJE OG HORNNES
KOMMUNE

Setesdal Regionråd (SR) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Vi har tre hovudarbeidsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

Alt vi gjer er mynta på at det skal vere godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Vi er og opptekne av å ta vare på eigenarten her.

SETESDAL REGIONRÅD



Setesdal Regionråd
Kommunehuset, N-4747 Valle
Telefon sentralbord: 37 93 75 00
E-post: post@setesdal.no
www.setesdal.no